



Blomebutikken lyser vakkert om i sentrumsbildet i bygda også på kveldstid.

Den nyopna blomebutikken i Uskedalen, Gro`s Blomster, kan sjå tilbake på nokre oppløftande opningsdagar. Frå den opna torsdag har kundetilstrøyminga vore langt over det eigaren Gro Hjelmeland hadde forventa.

- Ja, eg hadde ikkje drøymt om at det skulle koma så mange desse dagane, kunne Gro fortelja ved stengetid laurdag. Butikken bogna av vakre planter då den opna torsdag, men alt etter den første dagen måtte ho bestilla inn ekstra forsyningar. To kontainrar vart levert utpå fredagen.

Gro og den gode hjelparen og ektemannen, Kjell, seier at dei set veldig stor pris på all den positive støtta dei har fått i samband med opninga. I tillegg til kundetilstrøyminga har nokre vist det med gåver, medan andre har kome med gode og støttande kommentarar.

- Vi er svært takksame for dette. Vi er veldig heldige som får vera her og arbeide for så kjekke kundar, Det er veldig gøy, seier den fornøgde butikkeigaren med eit smil.

Ved stengetid var det trekking av gratislotteriet som har pågått i butikken opningsdagane. Dei heldige vinnarane vart:

Gavekort 1000 kr.: Inger Sofie Sæbø, Rosendal.

Bukett: Ingvill Ersland Myklebust, Uskedalen.

Dekorasjon: Inger Moberg, Uskedalen.

Eigentleg er vel heile bygda vinnarar. Butikken lyser verkeleg vakkert opp i sentrumsbildet i bygda vår. Uskedalen.no ønskjer lykke til med den vidare butikkdrifta.

Av: Thor Inge Døssland



Heldige vinnarar vann blomane på bildet og gåvekort på 1000 kr.